

MILLIONSTØTTE TIL JÆRMUSEET



På statsbudsjettet fekk Jærmuseet midler til magasin og restureing. Det vil mellom anna føra til at framdrifta i løa på Audamotland kjem fram i køen.

I alt meir enn 23 millionar fekk Jærmuseet til restaurering og bygging av nytt magasin- og utstillingsbygg. Planen er å byggja eit underjordisk maskin- og reiskapshall på rundt 2700 kvadratmeter. Bygget skal innehalda eit studiemagasin for landbruksreiskap, magasin og eit rom for mottaking og registrering. På den måten får Vitengarden vist fram meir av den unike samlinga med landbruksreiskap museet sit på.

På biletet ser me ein nøgd håordførar, Mons Skrettingland, i lag med fylkseordførar og helseministeren, som var utsendt av kulturministeren.

FRÅ LEIAREN

Nå har hausten kome og vi har hatt mykje fint haustvær som har gjort godt på både kropp og sjel. Som nyvald leiar var det ein stor opplevelse å få vere med på Smaken av haust og sjå den velviljen som de stilte med og kor smertefritt dette gjekk. Vi hadde eit nydelig vêr og mykje folk kom og møtte oss rundt omkring på dei forskjellige `` postene ``. Dette året hadde vi fått tak i ei ung dame som stod for klypping av sau og det er gildt å sjå at ungdommen kjem på banen og at jentene også er med. Nå nærmar det seg november og den 10. november blir det Dugnadsfest for frivillige på Jærmuseet. Denne vil vera på Vitengarden, der håper eg at flest mulig av oss kjem, og at vi får ein trivelig kveld i lag og kanskje stifter nye bekjenskap den kvelden.

Helsing Sigurd Høyland.

MJØLK OG KJEMI



I samarbeid med Tine skal det fokuserast på mjølk 1. november. Målet er å visa kva mjølk vert brukt til. Her kan ein vera med og separera, kinna smør, koka gome og anna. I tillegg kjem Tine med smaksprøvar på ei mengd med produkt. Dei vil òg visa fram korleis ost vert laga. Frå Tine stiller to personar som er spesialistar på ostelaging.

Det vert sett opp gratis buss klokka 13.30 frå Vitengarden til Kviamarka, der det vert omvisning i meieriet klokka 14. Dei første femti får plass, så kom tidleg!

JUL I GAMLE DAGAR

På arrangementet *Jul i gamle dagar* vert gamle juletradisjoner vist fram. Det føregår i gamlehuset med krumkaker, julelaging av kort og fletting av julekorger, flatbrødbaking og dei gamle julekakesortane. Tradisjonen tru er dette første søndag i advent, altså 29. november.

Denne dagen er juletreet på plass, og gjestene kan vera med og pynta juletreet. Graut og julestemning høyrer sjølv sagt òg med. Ta med deg familien og kom i god stemning.

ENORM PUBLIKUMSAUKE



På slaktedagen var det nesten 800 til stade. Slike arrangement gjer at ein får vist fram gamle tradisjonar på ein flott måte, og tydeleggjort kor maten kjem frå. Her vart det m.a. henta opp jordepler, laga sauebjøller og sjølv sagt slakta eit lam. Vennelaget stod bak eit flott arrangement.

I sommar har det vore ei auke på 39 % i besøkstal på Vitengarden. Dèt kan sjølv sagt skuldast vêret, men om me òg ser det i høve kor mange som var på utstillinga om dei kongelege kjørety året før, er dette ikkje anna enn imponerande.

To faktorar kan vera at utstillinga SNU var ny, og at utstillinga *Traktorliv* har drege mange til Jærmuseet. Begge har treft både barnefamiljar og eldre. Det fine med Vitengarden er at ein kan gjera ting i lag. Onsdag og søndag er det òg varm mat, noko som gjer at ein kan få seg eit godt måltid i lag med utflukta. Kjøkkenansvarleg har såleis vist seg å vera ei god invistering for Vitengarden på mange måtar.

Det «lause» publikummet mellom måndag til fredag stig òg. Det viser seg at det stadig kjem ulike folk. Og folk med årskort kjem gjerne innom bare for å få seg eit måltid.

UTSTILLINGA TRAKTORLIV PÅ NETT

Jærmuseet har fått ny nettside. Den finn du på jaermuseet.no. Denne er tilpassa telefonar og slikt, så ho skal vera grei å finna fram på. Ta gjerne ein ekstra kikk på sida om *Traktorliv*, som ligg under fana «samlingar».

Medlemmer av Vennelaget kjem gratis inn på anlegga til Jærmuseet. Har du ikkje medlemskort får du det i resepsjonen på eit av anlegga.

STALLEN



Stallen er ferdig. I sist *Jærlappen* var han framleis under bygging. Hestane flytter inn når dei kjem frå beite, og høner og gjeser får ny stad å vera. Stallen vil òg gjera dyra meir tilrettelagde for publikum.

LÆRLING



Lærlingen til anleggsgartner, Henriette, som me skreiv om i sist nummer, har gått gjennom og fullført fagprøven. På Vitengarden har ho gjort mykje arbeid for å skjøtta uteområdet. Der har ho gjort ein flott innsats, og vore ein ressurs. Ho har hatt ansvar for ein del rundt arbeid på garden; gjerder, steinlegging i SNU-utstillinga og mykje anna. Ho er det første lærlingen på Vitengarden, og ny har alt starta; Therese Reime.

Styret for Vennelaget:

Formann:

Sigurd Høyland, Hå,
908 71 668

Nestformann,

Folke Ravndal, Klepp,
51 42 56 38.

Sekretær,

Njål Ådne Njå, Stavanger,
51 58 68 40.

Styremedlemmer:

Kitty Krogh Harestad,
Randaberg, 51 41 83 43

Arna Høyland, Hå
406 75 132

Varamedlemmer:

Siv Renate Mjåtveit, Hå
975 13 488

Karl Sveinsvoll, Klepp

Redaktør for Jærlappen:

Svein Høyland, Brusand,
970 99 201.

E-post:

sveinhoyland@hotmail.com

Les meir om Jærmuseet på
www.jaermuseet.no.